



Helge Paulsen
Formanns vei 15 B
5037 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/248 - 19/2363

Saksbehandlar:
Inga Lill Holen
inga.lill.holen@meland.kommune.no

Dato:
11.02.2019

Tilbakebetaling for slamavgift - GBNR. 51/38, 22

Tilbakebetalingskravet

Ved ein inkurie har ikkje den som utførar tømning av septiktankar i kommunen fått beskjed om at du har ein slamavskiljar. Kommunen beklagar ulempa det har medført deg at det ikkje har blitt utført tømning av tanken din.

Som følgje av at septiktanken ikkje har blitt tømt har du eit tilbakebetalingskrav mot kommunen. Kommunen vil betale tilbake det beløpet du har betalt ettersom tenesta ikkje har blitt utført.

Ved krav om tilbakebetaling og innkreving av gebyr tek kommunen utgangspunkt i dei alminnelege reglane i foreldelsesloven. Hovudregelen er at ein fordring vert forelda 3 år etter at den feilaktige betalinga fann stad, jf. foreldelsesloven § 2. Foreldringsfristen vert rekna frå forfallsdato, jf. § 3.

Som følgje av det ovannemnde er innbetalt slamavgift for fakturaer sendt før 2015 forelda. Det same gjeld faktura datert 25.02.2015. At krava er forelda betyr at du ikkje har krav på å få tilbakebetalt slamavgifta, jf. § 24.

Du får tilbakebetalt slamavgift for faktura datert 26.06.2015, 27.10.2015, samt alle faktura sendt i 2016 og 2017. Ettersom tanken din vart tømt i 2018, får du ikkje tilbakebetalt slamavgift for 2018.

Beløpa som leggjast til grunn er i samsvar med det du har innbetalt kvart enkelt år i perioden. Tilbakebetalinga vil skje så raskt som mogleg.

I samband med utbetalinga **treng vi ditt kontonummer**. Kontonummeret kan sendast til saksbehandlar Inga Lill Holen på e-post inga.lill.holen@meland.kommune.no.

Har du spørsmål eller kommentarar til saka?

Dersom du er ueining i kommunen si vurdering av saka eller det faktum som er lagt til grunn ber vi deg om å gje ein tilbakemelding **innan 19.02.2019**. De kan kontakte saksbehandlar Inga Lill Holen på telefon 56171449 eller e-post.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Inga Lill Holen
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Helge Paulsen

Formanns vei 15 B 5037

BERGEN